

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 22/2002

av 1. mars 2002

om endring av vedlegg XXI til EØS-avtala (Statistikk)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XXI til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 86/2001 av 19. juni 2001⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsforordning (EF) nr. 995/2001 av 22. mai 2001 om gjennomføring av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 2516/2000 om endring av dei felles prinsippa i det europeiske nasjonal- og regionalrekneskapssystemet i Fellesskapet (ENS 95) med omsyn til skattar og trygde- og pensjonspremiar⁽²⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XXI nr. 19d (rådsforordning (EF) nr. 2223/96) i avtala skal nytt strekpunkt lyde:

“– **32001 R 0995**: Kommisjonsforordning (EF) nr. 995/2001 av 22. mai 2001 (TEF L 139 av 23.5.2001, s. 3).”

Artikkel 2

Teksta til forordning (EF) nr. 995/2001 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

⁽¹⁾ TEF L 238 av 6.9.2001, s. 39, og EØS-tillegget til TEF nr. 44 av 6.9.2001, s. 31.

⁽²⁾ TEF L 139 av 23.5.2001, s. 3.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 2. mars 2002, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellelskapa*.

Utfërda i Brussel, 1. mars 2002.

For EØS-komiteen
Formann

P. Westerlund

Sekretærar for EØS-komiteen

P.K. Mannes M. Brinkmann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.